



Beinavikjo-planen møtte massive protestar og må reviderast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det kom inn svært mange kritiske merknader og mellom dei motsegn frå Statens vegvesen og fylkesmannen i samband med reguleringsplanen for Beinavikjo. No har kommunen ved arealplanleggjar Ingo Bewer sendt over merknadane til Arkitektkontoret Anders og Olav Vikøren i Vik i Sogn som laga planen. Han må reviderast.**

Kommunen ønskjer at arkitektkontoret tek stilling til merknadane, går i dialog, prøver å samordna privatrettslege forhold mellom samtlege grunneigarar og diskuterer vidare framgang med administrasjonen i kommunen.

Bewer viser til manglande konsekvensutgreiing, dei til dels sterke protestane frå naboar i området og fylkeskommunen og særleg til motsegn frå vegvesenet og miljøvernavdelinga til fylkesmannen.

Etter avtale med kommunen ønskjer så administrasjonen at arkitektkontoret sender ein revidert plan og føresegner tilbake til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen